



ØKONOMIREGLEMENT

Kommunale foretak i

Ålesund kommune

INNHold

Innhold	2
1. ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT	3
1.1 FORMÅL	3
1.2 REGELVERK.....	3
1.2.1 VIRKEOMRÅDE.....	3
1.2.2 LOV OG FORSKRIFTER.....	3
1.3 RAPPORTERING.....	4
1.3.1 GENERELT	4
1.3.2 ØKONOMISK RAPPORTERING.....	4
1.4 ØKONOMIPLAN.....	5
1.5 ÅRSBUDSJETT.....	5
1.6 TIDSPLAN	6
2. OPPSTILLING OG FORDELING.....	6
3. DISPOSISJONSFULLMAKTER I BUDSJETTSAKER.....	7
4. VEDLEGG	9

1. ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT

1.1 FORMÅL

Formålet med utarbeiding av økonomiplan og årsbudsjett for kommunale foretak er å realisere mål fastsatt i kommuneplanen, innpasse nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Budsjettarbeidet vil også avdekke kommunen sin bruk av ressursar og tilgang på ressursar og gi informasjon om verknadane av vidare drift på dagens nivå.

Økonomiplanen skal utarbeidast samstundes med årsbudsjettet og vedtakast i kommunestyret i oktober (avhengig av politisk møteplan) kvart år. Årsbudsjettet er identisk med første året i økonomiplanen. Prioriteringane i samfunnsdelen i kommuneplanen og arealdelen skal utgreiast og synleggjerast i økonomiplan og årsbudsjett.

1.2 REGELVERK

1.2.1 VIRKEOMRÅDE

Dette reglementet gjeld for Ålesund kommune sine kommunale foretak etablert etter kapittel 9 i kommuneloven av 21.juni 2019.

Ålesund Havn KF er ikkje omfatta av dette budsjettreglementet fordi foretaket si verksemd er regulert i Havne- og farvannslova.

1.2.2 LOV OG FORSKRIFTER

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 27. juni 2019 regulerer tilhøve rund budsjett og rekneskap i kommunale foretak. Budsjettreglementet for kommunale foretak i Ålesund kommune gir nærare reglar om rutiner og premisser for dette. Reglementet seier og kva disposisjonsfullmakter som er lagt til styret i foretaket. Ved usemje mellom forskrift og reglement, vil reglane i forskriften gjelde.

For foretak som driv næringsverksemd skal, så langt anna ikkje følgjer av lov eller forskrift, sette opp særbudsjett med venta inntekter og kostnader i tråd med bedriftsøkonomiske prinsipp og resultatoppstilling som følger av rekneskapslova av 17. juli 1998 nr. 56.

1.3 RAPPORTERING

1.3.1 GENERELT

Leiaren i foretaket skal gjennom budsjettåret leggje fram rapportar for styret i foretaket. Rapporteringa skal vise utviklinga i inntekter/innbetalingar og utgifter/utbetalingar i samsvar med det vedtekne særbudsjettet. Styret bestemmer kor ofte rapporteringa skal skje.

Det skal gjerast endringar i særbudsjettet når dette er naudsynt. Foretaket sitt styre skal sjølv vedta endringar i foretaket sitt særbudsjett. Endringane skal vere innanfor dei økonomiske rammene stilt til disposisjon frå Ålesund kommunestyre. Budsjettvedtak med endringar kan ikkje gjerast etter utløpet av budsjettåret.

Kommunale foretak er pålagt å avgi løpande informasjon om ressursbruk og tenesteproduksjon til bruk i nasjonale informasjonssystem per 15. februar kvart år, jf. kommuneloven § 49 og kvartalsvis jf. forskrift om rapportering frå kommuner og fylkeskommuner. Kommunestyreter pålagt å behandle årsregnskapet innan 1. juli det påfølgende år, jf. rekneskapsforskriften § 10. Særrekneskap og årsmelding skal utarbeides i samsvar med frister gitt i forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale foretak. Særrekneskapen og årsberetningen innarbeides i kommunens øvrige rekneskap og årsmelding som vedtas av Ålesund kommunestyre.

1.3.2 ØKONOMISK RAPPORTERING

Den økonomiske tertialrapporteringa pr. 30.04. og 31.08. og årsrapportering pr. 31.12. skal handsamast i kommunestyret. I tertialrapporteringane og årsrapporten skal det også rapporterast om framdrift og økonomisk status for investeringar. Ved fullføring av investeringsprosjekt skal økonomisk status rapporterast i samband med tertial- og årsrapportar. Investeringsprosjekt større enn 15 mill. kroner skal prosjektrekneskap løpande rapporterast og godkjennast av formannskapet i samsvar med instruks for byggekomitear til kommunale byggeprosjekt. Ved avvik mellom rekneskapsprognose og økonomisk ramme, stilt til disposisjon frå Ålesund kommunestyre, skal foretaket sitt styre sjølv gjere framlegg om endringar innanfor foretaket sitt budsjett. Eventuelle konsekvensar av endringane skal utgreiast.

Vesentlige tilhøve som påverkar dei økonomiske rammene for drift og investering, skal styret rapportere til Ålesund kommunestyre utanom tertialrapporteringane. Foretaket sitt styre skal sjølv gjere framlegg om naudsynte tilpasningar og endringar i budsjettet slik at dette vert i samsvar med dei økonomiske rammene som er til disposisjon.

1.4 ØKONOMIPLAN

Ålesund kommunestyre vedtek økonomiplan i samsvar med tidsplanen i pkt. 1.6.

ØKONOMIPLANEN skal

- gjelde for fire år.
- vere i balanse og realistisk.
- vise handlingsrom og angi hovudtrekk i kommunens prioriteringar i perioden.
- danne grunnlag for årsbudsjett.
- samordne med prioriteringane i handlingsplanen.
- følge opp og vidareføre satsingsområder som er trukket opp i kommuneplanen og sentrale vedtak.

I økonomiplanen skal det knytast kommentarar til løyvingane i form av angitte mål og premisser på dei områda dette er nødvendig for å klargjere kva en vil oppnå med løyvinga. Foretaket sitt styre gir ei tilråding før formannskap og kommunestyre handsamar saka.

1.5 ÅRSBUDSJETT

Årsbudsjettet blir handsama saman med økonomiplanen i samsvar med tidsplanen i pkt. 1.6. Ålesund kommunestyre fastset nivå på overføring av midlar til foretaket. Dette skjer ved fastsetting av budsjett for kommunen det kommande kalenderåret og gjennom løpande endringar vedtatt av Ålesund kommunestyre. Detaljert særbudsjett må foretaket lage i samsvar med dei økonomiske midlane som er løyvd frå Ålesund kommunestyre. Styret i foretaket skal vedta budsjettet på det nivå dei finn passande og skal vere i samsvar med dei føringane kommunestyret har lagt på bruken av midlane.

ÅRSBUDSJETTET skal

- konkretisere første året i økonomiplanen og gjelde for eit år.
- bygge på prioriteringar i økonomiplan og handlingsplan.
- vere bevilgningsdokument, dvs. at vedtatt budsjett seier kva netto rammer kommunestyret har løyvd til kommunale foretak det komande året.
- vere realistisk og i balanse.

1.6 TIDSPLAN

Rådmannen sender ut budsjetttrundskriv for utarbeiding av økonomiplan og årsbudsjett. Det vises til møteplan for politisk behandling inneværande år.

TIDSPLAN FOR ARBEIDET:

- Rundskriv frå rådmannen medio mars.
- Frist foretak medio april.
- Rådmannens sitt framlegg til budsjett vert offentleg primo september.
- Komiteane uttalar seg til framlegget før formannskapet handsamar saka.
- Formannskapet medio oktober.
- Kommunestyret rundt månadsskiftet oktober/november.
-

2. OPPSTILLING OG FORDELING

- Prosessen med utarbeiding av budsjett skal vere samordna med kommunen sitt øvrige budsjettarbeid.
- Kommunestyret skal vedta budsjettet etter obligatorisk oppstilling slik det går fram av budsjettskjema 1A for kommunale foretak.
- Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet på nettosummar slik det går fram av budsjettskjema 1B.
- Kommunestyret skal vedta investeringsbudsjettet etter obligatorisk oppstilling slik det går fram av budsjettskjema 2A for foretak.
- Kommunestyret skal vedta investeringsbudsjettet og vise brutto sum pr investeringstiltak i samsvar med budsjettskjema 2B. Finansieringsmåte for

investeringane skal gå fram av skjemaet. Finansiering av investeringar på sjølvkostområde skal spesifiserast.

- Kvart år skal det leggjast fram ei sak om rebudsjettering av investeringsbudsjettet. Denne saka skal handsamast av kommunestyret etter at fjorårets rekneskap er revidert.
- Låneopptak kan berre vedtakast av kommunestyret.
-

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 27. juni 2019 regulerer tilhøve rund budsjett, kapittel 6 styrer unntak frå krava i årsbudsjettet. For foretak som driver næringsvirksomhet skal budsjett settes opp etter reglene i § 7-2 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 27. juni 2019.

3. DISPOSISJONSFULLMAKTER I BUDSJETTSAKER

Ålesund kommunestyre gir foretaket sitt styre følgjande fullmakter innanfor dei økonomiske rammene:

- Fordele bruken av økonomisk ramme internt i foretaket i samsvar med premissene fastsatt av Ålesund kommunestyre. Dette gjeld både drift og investering.
- Disponere meirinntekter frå drift når dette er innanfor den normale aktiviteten.
- Disponere meirinntekter knytt til investeringar, under føresetnad av at midlane blir nytta til finansiering av tilsvarande formål.
- Overføre midlar frå driftsbudsjett til investeringsbudsjett når rekneskapsreglane seier den bestemte kostnaden skal førast som investering.
- Overføre inntil 2 % av omsetninga i driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet.
- Avsette midlar frå driftsbudsjettet til disposisjonsfond for seinere bruk.
- Foretaket sitt styre vedtek sjølv bruk av disposisjonsfond inntil ein million kroner utover vedtatt opprinnelig årsbudsjett. Bruk av disposisjonsfond med over ein million kroner må vedtakast av Ålesund kommunestyre.

Fullmakter etter dette reglementet gjeld ikkje tilhøve som kan påføre kommunen økonomiske plikter utover nivået på årsbudsjett/økonomiplan eller forhold som er i strid mot dei mål, premissar og prioriteringar som er lagt til grunn for kommunestyret sitt vedtak. Budsjettvedtak med endringar kan ikkje gjerast etter utløpet av budsjettåret. Disposisjonsfullmaktene gjeld kun innanfor område nevnt i foretaket sine vedtekter om formål og oppgåver.



4. VEDLEGG

Budsjettskjema 1A	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Bevilgningsoversikt drift	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Rammetilskudd						
Innteks- og formuesskatt						
Eiendomsskatt						
Andre generelle driftsinntekter						
Sum generelle driftsinntekter						
Sum generelle midler bevilget til drift						
Avskrivninger						
Sum netto driftsutgifter						
Brutto driftsresultat						
Renteinntekter						
Utbytter						
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler						
Renteutgifter						
Avdrag på lån						
Netto finansutgifter						
Motpost avskrivninger						
Netto driftsresultat						
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering						
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond						
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond						
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet						
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat						
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)						
Budsjettskjema 1B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Bevilgninger drift Foretak	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Ansvar nr 1						
Ansvar nr 2						
Ansvar nr 3						
osv						
Sum bevilgninger drift, netto						
Herav:						
Avskrivninger						
Overføring til investering						
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond						
Korrigert sum bevilgninger drift, netto						

Budsjettskjema 2A	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Økonomisk oversikt investering	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Avdrag på lån						
Investeringer i varige driftsmidler						
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper						
Utlån av egne midler						
Avdrag på lån						
Netto utgifter videreutlån						
Kompensasjon for merverdiavgift						
Tilskudd fra andre						
Salg av varige driftsmidler						
Salg av finansielle anleggsmidler						
Mottatte avdrag på utlån av egne midler						
Bruk av lån						
Sum investeringsinntekter						
Overføring fra drift						
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond						
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond						
Dekning av tidligere års udekket beløp						
Sum overføring fra drift og netto avsetninger						
Fremført til inndekning i senere år (udekket)						

Budsjettskjema 2B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Bevilgningsoversikt investering Foretak	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Tiltak nr 1						
Tiltak nr 2						
Tiltak nr 3						
Tiltak nr 4						
Tiltak nr 5						
Tiltak nr 6						
Tiltak nr 7						
osv						
Sum 2B						

Budsjettskjema B3	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Økonomisk oversikt drift	AR -2	AR -1	AR 1	AR 2	AR 3	AR 4
Rammetilskudd						
Innteks- og formuesskatt						
Eiendomsskatt						
Andre overføringer og tilskudd fra staten						
Overføringer og tilskudd fra andre						
Brukerbetalinger						
Salgs- og leieinntekter						
Sum driftsinntekter						
Lønnsutgifter						
Sosiale utgifter						
Kjøp av varer og tjenester						
Overføringer og tilskudd til andre						
Avskrivninger						
Sum driftsutgifter						
Brutto driftsresultat						
Renteinntekter						
Utbytter						
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler						
Renteutgifter						
Avdrag på lån						
Netto finansutgifter						
Motpost avskrivninger						
Netto driftsresultat						
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering						
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond						
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond						
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet						
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat						
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)						

